



Årsmøte í
Samnanger
historielag

27.02.13

Sakliste Årsmøte 2013

1. Val av møteleiar
 2. Godkjenning av innkalling og sakliste
 3. Val av to personar til å underteikna møteprotokollen
 4. Val av referent
 5. Årsmelding 2012
 6. Rekneskap 2012
 7. Val v/ valnemnda
 8. Medlemskontingent 2014
 9. Budsjett 2013.
 10. Aktivitetsplan 2013.
-

1. Val av møteleiar

Vedtak: Helge Hisdal vart vald til møteleiar

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkallinga og sakslista vart godkjende

3. Val av to personar til å underteikna møteprotokollen

Vedtak: Anlaug Røen Hauge og Ivar Bård Aadland vart valde til å skriva under møte protokollen for årsmøtet.

4. Val av referent

Vedtak: Britt Haukanes vart vald til referent frå årsmøtet.

5. Årsmelding 2012

Årsmeldinga vart lesen opp på møtet av skrivar Britt Haukanes

Vedtak: Årsmeldinga for 2012 vart vedteken.

6. Rekneskap 2012

Kasserar Kjell Reistad la fram rekneskapen. Han peika på at i 2012 hadde me betalt for trykking av tre årbøker: for årboka i 2011, nytt opptrykk av årboka for 2009 og dialektboka. Ved årsskiftet var ikkje alle inntektene for sal av årboka komne inn, og årbok-posten i rekneskapen gjekk av desse grunnane med underskot for 2012.

Rekneskapen er revidert av Knut Langeland og Ada Haugen.

Det kom fram ynskje på møtet om å skilja avsetjing til fond ut som eigen post i rekneskapen neste år.

Vedtak: Rekneskapen for 2012 vart vedteken.

7. Val

Valnemnda v. Margunn Lønnebakken kom med framlegg til nytt styre og verv ellers.

Vedtak:

Leiar for 2013:	Helge Hisdal
Medlem for eitt år:	Solveig Vassenden
Medlem for 2 år:	Ellen-Margrethe Oldervoll
Medlem for 2 år:	Brigt Olav Gåsdal
Medlem for 2 år:	Anne Liv Haukanes
Varamedlemer:	Tor Wold og Sture Tveit

Årsmøtet valde elles desse personane til ulike verv, alle for eitt år:

- Redaksjonsnemnd: Anlaug Røen Hauge -redaktør, Svein O. Aadland, Tor Wold og Knut Harald Frøland.

- Fondsnevnd: Tone Tysseland Holmefjord og Bjarne Hauge. I tillegg skal det veljast ein frå styret.

- Valnemnd: Kjell Reistad, Britt Haukanes, og Anton Kåre Drønen

- Revisorar: Tone Tysseland Holmefjord og Arne Nordbø. Vara: Ada Haugen.

Årsmøtet kjem med merknad om at Tone T. Holmefjord ikkje kan revidera rekneskapen for fondet sidan ho sjølv sit i styret for dette.

Valet gjekk føre seg ved akklamasjon.

8. Medlemskontingent 2014

Vedtak:

Medlemskontingenoten for 2014 vert 180 kr for enkeltmedlemer og 230 kr. for familiemedlemskap.

9. Budsjett 2013

Kommentar: Årsmøtet meinte at saka om avsetjing til fond, burde koma opp med eige saksnummer på kvart årsmøte.

Vedtak:

Årsmøtet går etter framlegg frå styret inn for å setja av 50 000 kr. av overskotet frå 2012, over til kulturhistorisk fond.

Styret sitt framlegg til budsjett for 2013 vart vedteke.

10. Aktivitetsplan for Samnanger historielag 2013.

Arrangement	Tidspunkt	Ansvar / merknad
Vårtur utanom kommunen	Mai / juni	Styret
Tildeling av midlar frå kulturhistorisk fond	Evt juni 2013	Styret for Kulturhistorisk fond
Kulturminnedagen 2013/ Lokale arrangement	Sept.	Styret
Kafe m. program	November	Styret
Årbok	Midten av november -	Årboknemnda / Styret

Det kom inn fleire framlegg til vårtur for historielaget:

Hardanger fartøyvernsenter, Radøy Rundt og Tyssedal museum